



— Lagsblad —

Nr. 9.

Desember 1920.

3. aaret.

Ved nyaaret.

Eit aar no att er runne ut,
Det gjeng so fort, — so fort.
Eit aar, det er so altfor stutt,
Me fær so lite gjort.

Den dagen aaret for oss rann,
Med sol og von um vaar,
Me venta alle, kvinna, mann,
Eit rikt og signa aar.

Og dagar kom og dagar gjekk,
Dei sorg og gleda gav.
Me ynskte kva me ikkje fekk,
Og voner veiknad av.

For mange vart det dag og ljøs,
For mange naud og nott;
Og mange dreiv ein galen koos,
Og alt vart graatt i graatt.

Men ljose voner aaret gav,
Um liv og betre kaar:
Men likevel, dei minka av,
Og saknaden vart saar.

Men korleis livsens lagnad vart,
Og kvar det enno gjekk;
So aldri notti vart so svart,
At dag me ikkje fekk.

For me fekk ljøs og me fekk dag,
Og me fekk liv og vaar,
Og sumar kom, med haust i lag,
Og vetter og i aar.

Um vetren no her nord hev magt,
Me hev daa enno sol;
Um livet no i band er lagt,
Me solkverv fekk ved jol.

I lid og lund det livna skal,
Og vetter røma maa;
Det livna vil fraa fjell til dal,
Eit nyaar skal me faa.

Men no daa aaret minkar av,
Me takkar alle mann,
For kva det tok og kva det gav,
I eva inn det rann.

So helsar me det nye aar,
Som no skal ringjast inn;
Det kjem med von um liv og vaar,
Og sol og song i sind.

MINOR.

I krigsaari vart det jamt skrive um minor, og me tenkje med gru attende paa dei rysjelege meldingar um minorne som sprengde skip og drap folk. Kri-gen tok slutt, og minefiskararne hev snart tynt alle udyri som laag og lura frametter sjøvegen. Desse minorne høyrer med til den nyare krigskunst, og kan berre gjera vondt der dei raakar. Men me hev eit anna slag minor som kann føra baade godt og vondt med seg. Desse reknast ikkje med til dei nyare oppfinningar; men hev truleg vore i verksemd heilt sidan det fyrste parfolket sette bu. Eg meinar daa det som me til dagleg kaldar gode og sure minor. Slike minor hev havt mykje aa segja ut gjennom tiderne. Dei hev gjort mykje godt; men dei hev og gjort mykje vondt i verdi. Me hev visseleg alle røynt verknaden av slike minor. Um du t.d. kjem heim fraa arbeidet ditt etter ein slitsam dag. Du kjenner deg trøyt og tung, og hovudet er fullt av sut og verdslege tankar. Ei god mina fraa kona eller kjæresten og tungsinnet vert sprengd i lufti og du vert nett som eit

anna menneskje. I det same høve vil kanskje ei sur mina truga med aa sprengja livsvoni i deg. Ei god mina i rett tid og paa rett stad kann gjera meir godt enn mange trur. Men dei sure minorne kann berre tyna og drepa, ikkje nett paa same vis som krigs-minorne, men litt um senn.

Eg hev eit minne fraa skuledagane: Ein av elevarne var sjuk og raaka ein bygdemann som vilde vita kva som vanta. Daa han fekk greide paa orsaki laga han til ei syrgjeleg mine, og tok til aa tala um ein elev som nyleg var død so braatt. Ja, so lite veit me, og det kann godt vera at du ikkje hev lenge att du heller, sa han til sjuklingen.

Det var gjerne gjort i god meining, men slikt gjer vondt og kann beintfram verka drepende der det raakar.

Godtfolk! Lat oss spara paa dei sure minorne. Livsvegen kan ofte vera tung og strid, og difor var det godt um me kunne setja ut gode minor, slike som lyfter sinnet og gjer lasset lettare.

A.

Desember maanad.

I lagsmøtet den 2/12 heldt fru *Marta Steinsvik* eit overlag spanande foredrag um „De berygtede jødiske protokoller“. Det bilæte ho rulla upp um jødarne og deira planlagde arbeid for aa vinna verdens-herredøme verka beintfram uhyg-gjeleg. Etter talarens meining var faaren yverhengande, so det galdt aa vera vaken. Den einaste boteraad var aa møta vondt med godt, og ved kjærleik prøva vinna verdi for det gode.

Paa lagsmøtet den 9/12 var det foredrag av overlærer *Færøvaag* um norskmaalspressa. Han gav eit greit yversyn yver maalbladi fraa den fyrste dag av, dei menn som stod fyre i striden, og vilkori for bladi i vaare dagar. Fore-

draget var vekkjande og gav vonleg ein god støyt til aa faa lagsfolket meir interessera for norskmaalsbladi, noko som kan trengjast, ikkje minst hja oss.

Paa same møte laag fyre ymse saker fraa siste styremøte, m. a.:

Pengestudnad til bladet „Stille Stunder“. Etter framlegg fraa styret vart samrøystes vedteke aa yta kr. 100,—.

Upptaking av nye lagsfolk. Styret hadde godkjendt til upptaking 31 nye søkjarar.

Til nemnd for nyaarsfesten vart valde: *Karl Hatteland, Endre Maaland, Mikal Høyland, Arne Bærheim, P. Staurland, Signe Fjelland, Elisa Bergsvik, Lydia Valde, Brynhild Mjølhus, Dagmar Odsen, Maria Larsen og Maitilde Hetland.*

Bladhald. Som siste, men vigtugaste sak laag fyre eit framlegg fraa tri lags-

folk um aa tilpligta kvart medlem aa halda minst eit nynorsk blad eller tidskrift. Mot 2 røyster hadde styret godteke framlegget. Det vart eit noko langt, men saklegt ordskifte um spursmaalet, og ved avrøystingi vart framlegget vedteke med 44 mot 25 røyster.

Sundag den 12/12 var tilskipa ein offerkveld til maalarbeidet. Spellaget synt fram „Mylnaren“ og etterpaa var det ei leikestund. Nettoyverskotet var umlag kr. 100,— som er sendt Norigs maallag.

Torsdag den 16/12 heldt chefsekretær Mossige-Grude foredrag um „det skrevne og talte ord“. Talaren gav ymse gode raad og vink, men tok emnet elles fraa den morosame sida og nemnde døme paa meir eller mindre vellukka talar og replikkar i bystyret og andre stader. Lagslyden fegna seg mykje og ynskte at foredraget hadde vara lenger.

Vedtaka um tvunge bladhald

gjeld altso fraa nyaar komande. Samstundes med at ein løyser lagskort for 1921 lyt ein syna fram kvittering eller paa annan maate godtgjera at ein held norskmaalsblad. For dei som ikkje fyrr held sovorne blad vil det truleg verta høve til aa tinga dei hjaa kassestyraren. Nærmare fyresegner um kontrol og anna vil koma seinare. Fyrebils hev ein sett upp denne lista yver blad som ein kan velja millom:

Av dagblad:

Agder Tidend	16	kr.	aaret
Den 17de Mai	20	„	—
Gula Tidend	20	„	—
Norig	20	„	—

Av bygdeblad:

Bonden	1	gong	um	vika,	3	kr.	aaret
Hardanger	3	—	—	—	7	„	—
Hordaland	2	—	—	—	6	„	—
Møre	2	—	—	—	4	„	—
Olsok	2	—	—	—	5	„	—
Sunnhordland	3	—	—	—	4	„	—
Sunnhordlen- dingen	2	—	—	—	8	„	—

Av bilætblad for heimen:

For Bygd og By 2 g. um maanaden, 8 kr. aaret.

Av ungdomsblad:

Midnattsol	1	g.	um	vika,	4	kr.	aaret
Norsk ungdom	1	—	—	—	5	„	—
Unglyden	1	—	—	—	5	„	—

Av fagblad og tidsskrift:

Bondebladet	2	g.	um	vika	7	kr.	aaret
Høgskulebladet	1	—	—	—	8	„	—
Norsk barneblad	1	—	—	—	4	„	—
Norsk folkekultur	4	g.	aaret	—	12	„	—
Norsk pæd. tids- skrift	10	—	—	—	6	„	—
Stille Stunder	1	g.	um	vika	3,80	—	—
Syn og Segn	10	g.	aaret	—	10	„	—
Ung Norig	12	—	—	—	8	„	—
Folkeskulen	1	—	—	—	3,50	—	—

Nattefriing.

Ja, du skynar kva eg meiner, herr bladstyrar, det er den gamle skikken at gutarne um laurdagskveldarne skulde gaa paa vitjing til gjentorne. Skikken er visst avlagd alle stader no, og godt er det. Men det kunde vera felande morosamt, sa dei og smulka.

Eg har ein gong i min tidlege ungdom vore med paa slik ein „natlig visit“ og det var um dette eg vilde fortelja. — Eg var komen paa vitjing til ei bygd der skikken endaa var i bruk. Um kvelden (det var laurdag) hadde venen min, han Haavard, og eg gaat ein lang tur, og det var vorte seint daa me kom oppyver til bygdar att. Komne oppaatt eit hus der vegen gjekk framum spurde Haavard um me skulde gaa til gjentorne. Eg skyna ikkje straks kva han meinte, men so peika han upp paa salsglaset: „Det ligg tvo gjentor der, skynar du det“, sa han. Og so vart eg fyresagt korleis me skulde fara aat, kor stillt me maatte gaa so me ikkje vekte gamlingarne o. s. b. Ja-ja, eg var med. Fyrst var me burti hagen og fann nokre eple, og so bar det mot kjøkendøri, styvlarne kom av og me gjekk paa sokkeleisten yver golvet og upp troppi, — eg laut halda han Haavard i trøiesnippen for aa finna vegen. Han Haavard var godt kjendt i huset, skyna eg, for han fann snart salsdøri

og me kom oss stillt innfyre. Men so misste eg fylgjet mitt — eg kjende ikring meg med nevarne, men han var burte. Eg stod litt og tenkte yver kva han hadde sagt fyrr me gjekk inn: eg skulde berre fylgja veggjen til vinstre fraa døri so fann eg nok fram dit eg skulde. Eg var 'kje vidare høg i hatten no lenger, men det fekk 'kje hjelpa eg famla meg fram langsmed veggjen og fann ei seng. Det var mest som eg stokk med detsame. Eg torde ikkje kjenna etter um der var folk i sengeri og vart difor staaande ei stund og tenkja meg um. Han hadde gløymt aa segja meg kva gjenta heite, det hugsar eg fyrst no. Kven visste elles kva slag menneske det var som laag i denne sengeri — det kunde vera eit gamallt hesplatre for alt det eg visste, og han Haavard var vel trudd til eit fantestykke. Di meir eg tenkte yver saki di mindre vart mode, og det var 'kje svert lang stundi fyrr eg stod utanfor døri att, — eg torde 'kje vaaga det — han fekk heller le aat meg etterpaa, han Haavard. Og so stillte eg meg yver loftsgolvjet burtimot der eg trudde trappi skulde vera. Korleis det so bar til veit eg ikkje, men eg hugsar godt det fele brakket daa eg ramla nedyver trappi. Og ikkje nok med det, i farten etter aa finna kjøkendøri velta eg tvo tome melkespand. — — Eg treng vel ikkje fortelja at han Haavard kom heller snart ned fraa lemen han og, og at ein gamling med ein paak i handi fylgde oss eit godt stykke paa veg. — — Eg sleit føterne or eit par nye sokkar den natti, eg.

Truls.

Bladstyrarskifte. Dette nr. av Lagsbladet vert det siste som eg styrer. Kven ettermannen min vert er ikkje visst avgjort enno.

Eg takkar hermed alle som i desse 3 aar hev hjelpt til med skriving og elles og synt interessa for bladet.

O. A. V.

Skal tru mi lukka eg aldri finn?

*Rastlause, rotlause, tunge i sinn,
Kjenstor i barmen strøymer.
Mismot ein møter, motbør ein finn,
Men enno um lukka ein drøymer.*

*Lukka ho lokkar og lukka ho dreg,
Og kjerleik i barmen vaknar. —
Slik gjeng det so mange, slik gjekk
det meg.*

Men lukka enno eg saknar.

*Her gjeng me og lengtar baa' eg og du,
Me ventar paa lukka aa finna.
Og baae so vaagar me kjerleik og tru,
Um berre me fram kunde vinna.*

*Men aari dei kjem og aari dei gjeng,
So mang' ein strid ein maa strida.
Men voni ho sigler paa ørnevang,
Og hugen maa lengta og lida.*

*Mit høgaste ynskje er lukka aa naa,
Og hadde eg kjerleik funne;
Daa fyrst kunde hugen min kvila faa,
Daa hadde eg i striden vunne.*

*Eg enno vil venta, og enno tru,
Og vona paa ljøsare dagar;
Daa eg i heimen med henner kan bu,
At livet til lukka seg lagar.*

*Ja kunde det lagast at slik det gjekk,
Daa skulde eg strida og streva; —
Um kjerleik eg øydde, daa kjerleik
eg fekk,
daa vart det og ljost aa leva.*

*Daa fyrst kom eg burt fraa all
taakesveim,
Og glad eg fram kunde skoda.
Og byggja i kjerleik min eigen heim,
Og livet i lukka njota.*

*Men rastlaus og rotlaus enno eg gaar,
Um lukka og kjerleik eg drøymer. —
Kanhenda at ikkje eg kvila faar,
Fyrr jordi meg eingong gøymer. —*

—n. —m.

Y m s e.

Garborg-tilstelningarne 23., 24. og 25. januar teiknar til aa verta høgtid-same. Ei samnemnd fraa Bondeungdomslaget, Stavanger Maallag og Rogalands maallag hev med tilskipingi. Kvel-darne 23. og 24. vil bispen *Peter Hog-nestad* halda foredrag um Garborg og diktingi hans og kvelden 25. vert det fest. Desutan vert det prolog av *Jens Tvedt*, festtale, song, musik og anna. Tilstellingarne vert haldne i „*Betania*“.

Me voner lagsfolket i Bondeungdoms-laget møter mannjamt upp desse kvel-darne og soleis heidrar Garborg paa 70-aarsdagen hans.

Garborg-innsamlingi. Styret for Bondeungdomslaget hev gjort framlegg um aa yta 500 kr. av lagskassa til inn-samlingi.

Familien. Desse lagsfolk er gifte: Andr. Boganæs med Aasa Selland.

Trulova: Alfred Løvvik med Gudrun Saltvoll.

Kornelius Mæland med Kari Arnestad.

„**Rogalands Ungdomslag**“ hev sendt ut eit gildt jolenumer. Innhaldet er verdfullt og vekslande og utstyret vent.

Nyaarsfesten. Redaktør *Oftedal* hev lova aa halda festtalen.

Aarsmøtet i Norigs maallag vert halde i Oslo den 8de januar. Fyre kjem: Rekneskap, politisk program for norsk-maalsfolket til valet 1921, umskiping av lagsbladet „Norsk Ungdom“, budget-fyrelegg, val.

Til Saumarlaget! Eg er beden bera fram so mykje takk fraa dei tvo skule-gutarne mine som de gav klær til jol, og fraa foreldri deira som var umaateleg takksame. Likeeins ei hjarteleg takk fraa underskrivne fordi de hjelpte til og auka jolegleda i desse fatige heimarne.

Vyrdsamt

J. Fjellanger,

Møtelista for januar 1921.

Torsdag 6/1: Ikkje møte.

— 13/1: *Foredrag av skulestyrar Tveteraas.*

— 20/1: **Hovudmøte.**

— 27/1: *Leikemøte.*

Saklista for hovudmøtet, aarsmel-ding og medlemslista kjem i neste nr. av Lagsbladet.

Takk for det gamle aar. Vel møtt i det nye!

Skal De hava Dykk kaffi og mat

so gaa innum paa

Matstova eller Kaffistova

Øvre Holmegata

Østervaag 25

Skrivesaker ▷ Avisor ▷ Telefon

*Ingen presenter
pryder og pynter
som blomster fra
Blomsterballen*

Alf Solheim

Østervaag 24

PAPIRFORRETNING
RAMMEVERKSTED

Lagsfolk! husk

at **musikinstrumenter**
strenger, noter og tilbehør
kjøper De i

Erling Næss Musik-
handel Hjørnet Nygaten-Østervaag
Myhres murhus ∴ ∴ ∴

Gjev gaum!

Største og finaste utval i
raamelistur, ovale
gullspeglar og raamur
Innraaming av bilæte

M. Andreassens
raameverkstad : Ø. Holmegt. 25
Telefon 1469

BRØDRENE MAG

Nygaten 48

Telefon . 937
Butikken . 3083

**Malervare- og
jernvareforretning**

Telefon 102

A. IDSØE

KJØD- OG PØLSE-
FORRETNING ∴ ∴

GODE OG BILLIGE VARER!

Bygm. Emanuel T. Aspelund

Telefon 3161

TJENSVOLD

Alt Tømmer- og Indrednings-
arbeide utføres.

Tegninger og Overslag leveres.

Jonas Jørstad

Bokhandel

TIME paa JÆREN

*Send eit brevkort og det De ynskjer
vil verta tilsendt!*

SYMASKINER
STRIKKEMASKINER
BARNEVOGNER og
SYKLER

BEDST OG BILLIGST i

MASKINHUSET

(INDEH. THORVALD VEIRE)
BREDGATEN 9



A. J. Sømme

— SKRÆDDER —

Nedre Strandgt. 8 II

Telefon nr. 2264.

SIGURD SØMME & Co.

SNEDKERFORRETNING

: BADEHUSGATEN 2 — STRØMSTENEN ::

Telefon 3086

..... Spesialitet:
Dører, Vinduer & Trapper

1ste Kl.s Arbeid

All ny literatur

John Larssen

Bokhandel

Kirkegaten 11

Jakobsens Magasin

- Nygaten 5 -

Byens største
utvalg i :: ::

Galanteri- & kortevarer.

Sort hyldebærsaft

utmerket middel
- mot gift -

faaes hos

BERNT PEDERSEN & Co.

Nygaten 16 :: Stavanger

**NORSK ELEKTRISK
& BROWN BOVERI**

KIRKEGATEN 39
STAVANGER

**ELEKTRISK MATERIEL
ELEKTRISK UTSTYR**

PETROLEUMSLAMPER
STENTØI & GLAS

I STORT UDVALG

HANDLENDE HØI RABAT.

S. GITLESEN

:: :: ØSTERVAAG 41 :: :: ::

G. Hellstrøm & Co.

Guldsmedforretning

Stavanger

Hjørnet av Kirkegaten og Øvre Holmegate
(ret overfor Matstova)

Telefon 186

GODTFOLK!

Naar De skal hava brudlaup, barsøl eller anna gjestelag,
so hugs at De fær dei beste drikkevaror hjaa meg

Løna med fleire medaljor

Telefon
727 k

GUNNAR LØVIK

KONGSGATA 36

Telefon
727 k

MURMESTER

AKSEL NJAA

Bygningsartikel-
forretning

STAVANGER

Telefon 885 - 2485

Kjøp og bruk altid

Johs. Mælands
hermetik & ansjos

som nu har vundet

:: indpas overalt ::

HELCO Sigarfabrikar

grunna for yver 150 aar sidan
er verdskjende for skuld deira sers gode sigarar til rimelege prisar.

Kvar kassa er merkt *HELCO*.
Kjøp Helco-sigarar ein gong, so
kjem De til aa røykja berre Helco.

HELCO-sigarar er til sals hjaa dei fleste tobakshandlarar i Stavanger.